

Johann Roppen

Fra: Johann Roppen
Sendt: fredag 8. mars 2019 11:22
Til: ALLE-Campus
Emne: NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 10/2019, 8. MARS

NYHENDEBREV FOR HØGSKULEN I VOLDA, NR 10/2019, 8. MARS

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no. Send gjerne tips og kommentarar.

Arkiv med tidlegare nyhendebrev: <https://www.hivolda.no/om-hogskulen-volda/nyhendebrev>

GRATULERER MED KVINNEDAGEN!

Kvinnedagen 8. mars 2019 blir markert med fleire opne arrangement i Volda/Ørsta. Her er nokre av dei: Ørsta kyrkje kl 18.00, Det grønne treet kl 19.00 og på Rokken kl 20.00.

I dag står kvinnelege tilsette for over 55 prosent av årsverka utført ved Høgskulen i Volda - det har aldri vore fleire. Men det går veldig seint å auke kvinneandelen blant dei toppkompetente, så her må vi bli betre.

ALLMØTE OM STUDIEBAROMETERET FREDAG 8. MARS KL 14.00

Resultata for Studiebarometeret 2018 blir diskutert både blant tilsette og studentar. I år som i fjor held vi eit allmøte om resultata og det blir på Store auditorium i Berte Kanutte-huset, fredag 8. mars kl 14.00-15.30. Les meir om resultata og oppfølginga i rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr/2019/02/15/studiebarometeret-2018-betremen-bra/>

3 NYE DEKANAR

Høgskulestyret vedtok torsdag 7. mars å gje tilbod om dekanstilling til følgjande personar: Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning: Arne Myklebust. Avdeling for samfunnsfag og historie: Randi Bergem. Avdeling for kulturfag: Unni Hagen. Myklebust er dekan ved avdelinga også i dag. Dosent Randi Bergem ved ASH har tidlegare vore instituttleiar ved IPAS (Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag) og har også arbeid ved Møreforskning Volda. Unni Hagen er tilsett som førsteamanuensis ved Høgskolen i Østfold og har tidlegare blant anna arbeid som dekan ved Høgskolen i Østfold og prodekan ved Høgskolen i Oslo og Akershus (I dag Oslomet). Dei nye dekanane tek til i stillingane sine 1. august 2019.

Arne Myklebust si nettside: <https://www.hivolda.no/tilsette/avdelingsleiing/arne-myklebust>

Randi Bergem si nettside: <https://www.hivolda.no/tilsette/institutt-planlegging-administrasjon-og-samfunnsfag/randi-bergem>

Unni Hagen si nettside (Høgskolen i Østfold): <https://www.hiof.no/lu/personer/und-forsk-ansatte/uh/index.html>

NYBYGGET: PROSJEKTET TIL HANDSAMING I REGJERINGA

«EXPO» vann konkurransen om å bygge det nye mediehuset ved Høgskulen i Volda. No har Statsbygg signert kontrakten med entreprenøren og ventar på endeleg godkjenning frå regjeringa.

<https://www.hivolda.no/nyhende/nytt-mediehus-naer-mar-seg-bygggestart-kontrakt-med-k-nordang-er-signert>

BREI OMTALE AV HVO-TILSETTE I "FORSKERFORUM": ELISABETH OG OLA, BJARTE - OG HANS JACOB

Fagbladet Forskerforum (Forskerforbundet) har i siste utgåve brei omtale av fleire HVO-tilsette som har valt å flytte ut av byen og ut på bygda. Det er Ola og Elisabeth Teige og Bjarthe Folkestad som har blitt intervjuet og som fortel både om oppvekstvilkår og karrierevilkår i Volda. Bladet har også intervjuet ein tidlegare HVO-tilsett: UiO-professor Hans Jacob Orning. Han seier at dei åtte åra i Volda var avgjerande for hans akademiske

karriere. <https://www.forskerforum.no/vi-hadde-snakka-om-det-kva-gjer-vi-om-ingen-av-oss-far-fast-stilling-i-oslo/>

BETRE BETALING TIL PROFESSOR- OG DOSENTKOMMISSJONAR

Direktør Per Halse har bestemt at Høgskulen i Volda skal auke betalinga for eksterne professorar og dosentar som deltek i sakkunnige utval som skal vurdere kompetansen til søkjarar på professor- og dosentstillingar ved Høgskulen i Volda. Dei nye satsane er å finne i Compendia. Satsane for vurdering av lektorar og førstekompetanse er uendra.

IDRETT OG FRILUFTSLIV PÅ FLYTTEFOT

Direktør Per Halse har bestemt at dei tilsette ved seksjon for idrett og friluftsliv ved Avdeling for kulturfag skal flytte ut av Nedretun og over til dei andre tilsette på avdelinga inne i Henrik Kaarstad-huset. Dei tilsette har fått frist til 15. juli 2019 med å flytte ut. Det er ledige kontor i Henrik Kaarstad-huset fordi ein del av Avdeling for kulturfag vart flytta over til Avdeling for mediefag i fjor. Det er ikkje bestemt kven som skal flytte inn i Nedretun, men talet på tilsette ved høgskulen har auka år for år og det er mangel på arbeidsplassar for tilsette.

BIBLIOTEKET: FAGTIDSSKRIFT I FARE ETTER 11. MARS

Norske universitet og høgskular har avtalar om tilgang til vitenskaplege artiklar med ei rekkje akademiske forlag. Unit forhandlar no med dei store akademiske forlaga Elsevier, Wiley, Springer Nature og Taylor & Francis på vegne av norske universitet og høgskular med mål om betre økonomiske vilkår og open tilgang. Etter 11. mars vil Høgskulen i Volda kunne miste tilgang til Taylor & Francis dersom ikkje Unit har kome i mål med forhandlingane. Dersom tilgangen forsvinn vil biblioteket framleis prøve å skaffe artiklar. Ta kontakt med biblioteket dersom det er noko du treng som du ikkje får tilgang til.

BIBLIOTEKET (2): GRATIS BØKER Å FÅ!

Biblioteket har nett lagt ut bøker til gratis utdeling til dei som vil. Bøkene er å finne på eit bord rett inn for døra. På lista over bøker som blir kasserte frå biblioteket er både "Vårt eget språk" og "Drømmenes dimensjoner". Først til mølla! PS: Etter at biblioteket la ut melding om dette torsdag kveld var det natteramnar på ferde og sikra seg eg fleire av bøkene.

1.300 BRUKARAR AV HELSESTASJONEN FOR UNGDOM OG STUDENTAR

Helsestasjonen for ungdom og studentar hadde heile 1.300 brukarar i 2018. Helsestasjonen er eit gratis og lågterskel tilbud til ungdom og studentar i Volda og er å finne i ein paviljong ved Øyra skule, like ved Høgskulen i Volda. Helsestasjonen tilbyr blant anna testing for graviditet og kjønnsjudomar og gir også råd om prevensjon og anna. <https://www.hivolda.no/nyhende/fortsetter-med-helsestasjon-studenter>

FAGLEG OPPRYKK

Kari Leikanger Buset (AHL) har fått opprykk til høgskulelektor.

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

17.3.2019: Symfoniorkesteret: Cinemagi. <https://www.hivolda.no/varkonsert-cinemagi>

28.3.2018: Disputas, Noregs musikkhøgskole, Øyvind Eiksund

29.3.2019: Etablering av Campusutviklingsforum i Volda

3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnnettvest.no/>

10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning) <https://www.hivolda.no/its-volda>

23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF

2.5.2019: Styremøte nr 2/2019

17.5.2019: Symfoniorkesteret: Nasjonal festkonsert. <https://www.hivolda.no/nasjonaldagskonsert-17-mai>

24.5.2019: Markering av at Yksnøya har vore friluftsbasis i 40-år, Yksnøya

7.6.2019: Sunnmøre regionråd held representantskapsmøte på Høgskulen i Volda

13.6.2019: Styremøte nr 3/2019

17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk. <https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no

20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)

17.-18.6.2019: AKF Avdelingsseminar

20.8.2019: Semesterstart 2019-2020

18.-29.9.2019: Forskningsdagane 2019. Tema: Miljø.

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:

https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

1.mars 2019: Nei til campus. Ja til høgskuleområde: <https://blogg.hivolda.no/jr/2019/03/01/nei-til-campus-ja-til/>

7.mars 2019: Orientering til styret på styremøte 7. mars: <https://blogg.hivolda.no/jr/2019/03/07/orientering-til-hogskulestyret-7-mars-2019/>

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr>

Nynorsksenterets blogg: <https://www.nynorsksenteret.no/blogg>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget: <http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering: <https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>